

**Fra:** Halldor Havsgård <halldor@halldor.no>  
**Sendt:** tirsdag 2. november 2021 15:41  
**Til:** postmottak@radoy.kommune.no; Ørjan Raknes Forthun; Jarle Landås  
**Emne:** Sv: SAKNR. 18/226 : GBNR 84/29 HAUKELAND SØNDRE : ATKOMST : BREV  
**Vedlegg:** 1219 01 halldor.no BREV Til Radøy kommune 2019.12.05.pdf; BEVIS 9 Radøy klage Hovudutval 13.06.2018.pdf; BEVIS 14 Presisering av vedtak landbruksveg 21.10.2019.pdf

Til : Rådmann i Alver kommune

Hei !

Dette gjeld ei sak som no har lege i Alver kommune sidan 20.01.2020, det vil seie i snart 2 år, utan svar. **Difor kontaktar eg no rådmann.**

---000---

Den 06.12.2019 vart det sendt eit brev til dåverande Radøy kommune v/ rådmann Jarle Landås, jf no vedlagte brev "1219 01".

Diverre vart dette brevet ikkje besvart før Alver kommune vart etablert.

Difor vart det sendt e-post til Alver kommune den 20.01.2020, med følgjande spørsmål :

- **Kven er rette mottakar av denne saka no i Alver kommune ?**
- **Kva er status i denne saka, og når kan svar forventast ?**

Diverre har eg ikkje motteke svar i denne saka, og no purrar eg opp eit slikt svar frå Alver kommune med håp om snarleg tilbakemelding !

Saka gjeld i hovudsak følgjande :

Eg reknar med at saka vil involvere både landbruk og byggesak/plan, sidan **hovudproblemstillinga i saka er om ein godkjent landbruksveg av det lokale landbrukskontoret også kan nyttast som atkomstveg i uregulert LNF-område til ein hytte-eigedom, godkjent av plan/byggesak ?**

---000---

Dåverande *Landbrukskontoret i Austrheim, Fedje og Radøy* vedtok 21.10.2019 at det vert gjeve løyve til å byggje landbruksveg, og som det står i vedtaket, sitat, jf vedlagte **BEVIS 14** :

**"Vegen skal ha delt nytte mellom landbruk og hytteformål."**

Imidlertid hadde *Hovudutval for plan, landbruk og teknisk i Radøy kommune* tidlegare i møte den 13.06.2018 **sagt kategorisk nei** til at landbruksveg i LNF-område også kan nyttast som atkomstveg til hytteeigedom, sitat, jf vedlagte **BEVIS 9** :

***"Ein godkjenning etter forskrift om landbruksveger ville uansett ikkje medført at vegen lovleg kan takast i bruk som tilkomstveg til fritidsbustad. Køyring med bil på ein utmarksveg vil rammast av forbodet om motorferdsel i utmark, jf. motorferdsellova § 3."***

---000---

Difor er hovud-spørsmålet til Alver kommune om Alver kommune også tiltrer tidlegare Radøy kommune v/ *Hovudutval for plan, landbruk og teknisk* sitt vedtak at landbruksveg i uregulert LNF-område ikkje kan nyttast som atkomstveg til hytteeigedom ?

Med venleg helsing

Halldor Havsgård

jurist 2014 | ingeniør 1981 | eiendomsmegler 2018

JURIST RETTSHJELPER INGENIØR HALLDOR HAVSGÅRD

Stiftet 1990 (Ingeniørdelen)

Conrad Mohrs veg 23 A

Postboks 6168, 5892 BERGEN

Telefon|SMS : 905 32 319

[www.halldor.no](http://www.halldor.no) (Se gode TIPS)

Vegrett | Veirett

Ekspropriasjon • Innpåkøpsvederlag • Fordeling av vegvedlikehold • Rekkefølgekrav • Utbyggingsavtale  
Masteroppgave 2014 om hvordan få vegrett til privat veg, og hvordan fordele årlig vegvedlikehold  
Vegutforming • Gateutforming • Veg- Og Trafikkteknikk • Arbeidsvarsling • Byggesak

Autorisert rettshjelper av Tilsynsrådet for advokatvirksomhet

Medlem av Norges Juristforbund | Bestått Advokatkurset

Autorisert eiendomsmegler av Finanstilsynet

Lovregulert taushetsplikt

***"Fremme Rett – Hindre Urett"***

Denne e-posten kan inneholde fortrolig informasjon. Dersom du ikke er rett mottaker, må du snarest informere avsender om dette, og deretter slette e-posten !

---

**Fra:** Halldor Havsgård

**Sendt:** fredag 6. desember 2019 12.15

**Til:** [postmottak@radoy.kommune.no](mailto:postmottak@radoy.kommune.no) <[postmottak@radoy.kommune.no](mailto:postmottak@radoy.kommune.no)>

**Emne:** SAKNR. 18/226 : GBNR 84/29 HAUKELAND SØNDRE : ATKOMST : BREV

Til : **Rådmann Jarle Landås**

Hei !

Jf vedlagte brev.

Med vennlig hilsen

**Halldor Havsgård**

jurist 2014 | ingeniør 1981 | eiendomsmegler 2018

JURIST RETTSHJELPER INGENIØR HALLDOR HAVSGÅRD

Stiftet 1990 (Ingeniørdelen)

Conrad Mohrs veg 23 B

Postboks 6168, 5892 BERGEN

Telefon|SMS : 905 32 319

[www.halldor.no](http://www.halldor.no) (Se gode TIPS)

Vegrett | Veirett

Ekspropriasjon • Innpåkjøpsvederlag • Fordeling av vegvedlikehold • Rekkefølgekrav • Utbyggingsavtale  
Masteroppgave 2014 om hvordan få vegrett til privat veg, og hvordan fordele årlig vegvedlikehold  
Vegutforming • Gateutforming • Veg- Og Trafikkteknikk • Arbeidsvarsling • Byggesak

Autorisert rettshjelper av Tilsynsrådet for advokatvirksomhet

Medlem av Norges Juristforbund | Bestått Advokatkurset

Autorisert eiendomsmegler av Finanstilsynet

Lovregulert taushetsplikt

***"Fremme Rett – Hindre Urett"***

Denne e-posten kan inneholde fortrolig informasjon. Dersom du ikke er rett mottaker, må du snarest informere avsender om dette, og deretter slette e-posten !